

Frå: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Send: torsdag 18. november 2021 22:16
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl; sflvpost@statsforvaltaren.no
Kopi: Eirik Berntsen; Are Frøysland Grande; post@floholmen.no; Kjartan Medaas
Emne: SV: Sak 20/335 - gbnr 427/12 Kvalheim Øvre/Fløholmen

Hei


Kommunen hevdar at nabovarslinga er mangelfull.

Saka i Austre Vaulevika (22 kV høgspenkabel i sjø til Jibbersholmane oppdrettlokalitet (Lingalaks)) kan bidra til å kasta lys over kommunale standpunkt og krav.

Kommunen framskaffa nabovarslingsliste til Lingalaks omfattande alle bruk på gardane Rosnes og Villanger som under utskiftinga av felles utmark i 1908 i var eitt «skiftefælt» med følgjande protokoll :

.....eier hver strandlinje for egen lot, dog med den begrænsning, at indtægter ved salg eller bortleie av strandlinje til salterier i større udstrækning eller i anledning av grubedrift eller større industrielle anlæg, bliver at fordele efter skyldforholdet paa samtlige skiftefæltets loteiere med fradrag av godtgjørelse til grunneieren for skade og ulemper for grunneieren forvoldt paa hans lot.

Fløholmen :



Kommuneplanelementet «byggjegrænse i sjø» ligg som ein stipla svart strek over sjø og land og skjer på tvers i innerkant av Grønholmen og tvers over arealet avsett til småbåthamn i kommuneplanen og den

omsøkte flytebyggja og snevrrar tilsynelatande inn Fløholmen AS sin disponible del av småbåthamna til det som ligg innafor byggjegrensa.

Denne stipla streken må då reflektera ei oppfatning om at det i utskiftinga av «øvre Qvaleim udmark og indre Qvaleim ind- og udmark» i 1860 (og seinare saker (1961 og 1963 m. fl.)) ligg ein protokoll med tilsvarande føresegner :

.....eier hver strandlinje for egen lot, dog med den begrænsning, at indtægter ved salg eller bortleie av strandlinje til salterier i større udstrækning eller i anledning av grubedrift eller større industrielle anlæg, bliver at fordele efter skyldforholdet paa samtlige skiftefæltets loteiere med fradrag av godtgjørelse til grunneieren for skade og ulemper for grunneieren forvoldt paa hans lot.

Kommunen meiner at dette gjev heimel til å krevna nabovarsling av **alle grunneigarane på Kvalheim Øvre og Kvalheim Nedre** i spørsmålet om dispensasjon frå byggjegrensa.

Er dette ein korrekt analyse ?

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@alver.kommune.no>

Sendt: 18. november 2021 10:50

Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>; sfvpost@statsforvaltaren.no

Kopi: Eirik Berntsen <eirik.berntsen@alver.kommune.no>; Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>; post@floholmen.no

Emne: Sak 20/335 - gbnr 427/12 Kvalheim Øvre/Fløholmen

Til Statsforvaltaren i Vestland og Siv.ing.Vidar Mjøs – sak 20/335 - gbnr 427/12 Kvalheim Øvre/Fløholmen.

Vi viser til e-post av 17.11.2021 i sak 20/335 -gbnr 427/12 Kvalheim Øvre/Fløholmen frå søkjar Siv.ing.Vidar Mjøs.

Vi kan ikkje sjå at e-post av 17.11.2021 frå Siv.ing.Vidar Mjøs inneheld nokre nye opplysningar som endrar vårt standpunkt i saka som vart stadfesta i vår oversending til Statsforvaltaren i Vestland i skriv av 11.11.2021.

Kommunen stadfestar at Fløholmen AS er registrert på saka.

Tone Furustøl | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Frå: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>

Send: onsdag 17. november 2021 21:49

Til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Kopi: Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@alver.kommune.no>; Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>; Kjartan Medaas <kjartan.medaas@alver.kommune.no>; 'Fløholmen AS' <post@floholmen.no>

Emne: Gnr. 427 bnr. 12 i Alver. Fløholmen AS. Flytebryggje i småbåthamn. Dispensasjon frå kommuneplanens byggjegrænse i sjø.

Eg viser til brev frå Alver kommune datert 11. 11. 2021, referanse : 20/335 - 21/75241, med tittelen **Oversender vedtak om avvist søknad om Småbåthamn til endeleg avgjerd - gbnr 427/12 Kvalheim Øvre/Fløholmen.**

Noko overraskande er det på side 4 i kommunens utgreiing opplyst at klagen sist er supplert 08. 11. 2021, og det er sett inn eit rasterbilete av deler av epost herifrå til Kjartan Medaas.

Rasterbiletet gjeld ei anna sak (Austre Vaulevika) der eg i dialog med Medaas spør etter nærare opplysningar om eit konkret objekt i det offentlege kartverket. Meldinga følger vedlagt, i sin heilskap. Eg sette Are Grande Frøysland i kopi, av di temaet (felleseige) har relevans i Fløholmensaka.

Det er Frøysland som har gjort det administrative avvissingsvedtaket i Fløholmensaka som er påklaga og no klagehandsama administrativt av Tone Furustøl som etter det eg forstår er Grande sin underordna.

I den nemnde saka om Austre Vaulevika finn ein i utskiftingsprotokollen (Villanger og Rosnes utmark) frå 1908 følgjande formulering:

.....eier hver strandlinje for egen lot, dog med den begrænsning, at indtægter ved salg eller bortleie av strandlinje til salterier i større udstrækning eller i anledning av grubedrift eller større industrielle anlæg, bliver at fordele efter skyldforholdet paa samtlige skiftefæltets loteiere med fradrag av godtgjørelse til grunneieren for skade og ulemper for grunneieren forvoldt paa hans lot.

Her er ein ved problemets kjerne : nedarva forventningar om inntekter, knytte til den historiske situasjonen og kulturen omkring 1905 (5 år etter den tinglyste underrettsdommen om landslott på Kvalheim).

Eg tillet meg å be Statsforvaltaren rettleia Alver kommune.

Til kommunen : kan de setja Fløholmen AS på kopilista ?

Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921